

800 sekker ved gjev pengar i lagskassen.

12.10.2018



Ein glad og munter skogsgjeng: F.v: Tore Nordahl Pedersen, Svein Rimestad, Sylvi Hjelmeland, Haldor Tveit, Lars Henrik Skogtun og Kåre Vethus.

Å vera medlem i jubileumskoret Røyserett for Alle er meir enn song og konsertar. I over 15 år har koret vore i Hauglandslia på veding. Arbeidet er sosialt. Dessutan gjev det pengar i lagskassen. I 2018 reknar styret med at ein vil pakka og selja 800 sekker ved som igjen fører til ei inntekt kring kr. 50.000,-.

Uskedalen.no møter den livsfriske skogsgjengen på vegen som fører inn til Kalkstasjonen. Med vedmaskin, traktor, hengar og anna utstyr går arbeidet unna etter samlebandprinsippet. Alle har sin jobb. Sekkene fyllest og vert lagt til turk på paller. Berre på ein dag, laurdagen, vart det produsert 200 sekker ved.



Arbeidet vert utført etter samlebandprissippet der alle er tildelt ansvar og oppgåver.

Veden vert henta øvst i Hauglandslia, i utmarka til Kåre Vetrhus. Steinar Haugland har hjulpet med transport ned skogavegen og fram til samleplatsen. Her ved strongane kappa , kløyvd og pakka. Ein reknar med at produksjonen vert dobla i år i høve til året før.

All veden vert seld til kormedlemer og andre. Prisen er kr. 70,- pr sekk og kjøparane kan henta sjølve eller få tilkøyrd. All inntekt kor til drift av koret. Vedinga gjer at ein langt på veg slepp driva med loddsal og andre tiltak for å skaffa pengar i kassen.

Treng du ved til vinteren ? Ja, då er det berre å ta kontakt med:

Haldor Tveit - mobil: 404 00 356 eller Kåre Vetrhus - mobil: 930 39 003.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Veden vert pakka i sekk, lagt på paller under pressening til turk.